

## **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 15.05.2018**

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget kan ikkje støtte saka. Fleire aspekt i saka vil gjøre det dyrare for befolkninga å nytte seg av det offentlege tannhelsetilbodet. Samtidig ønskjer vi ikkje å legge opp til ein helt annan praksis no, då dette bør behandlast i det nye fylkestinget. Inntil vidare beheld vi gjeldande praksis.»

**Dan Femoen (H)** sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Når nye retningslinjer skal vedtas av det nye fylket, bør det vurderes om barn i grunnskolen skal være fritatt for egenandel ved skyssreiser i forbindelse med tannhelsetjenester.»

### **Røysting**

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Det vart ikkje røysta over fylkesrådmannen sitt forslag.

Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget kan ikkje støtte saka. Fleire aspekt i saka vil gjøre det dyrare for befolkninga å nytte seg av det offentlege tannhelsetilbodet. Samtidig ønskjer vi ikkje å legge opp til ein helt annan praksis no, då dette bør behandlast i det nye fylkestinget. Inntil vidare beheld vi gjeldande praksis.